

SAK 29/07 ARKITEKTKONKURRANSE, FRAMTIDAS HYTTE I NORSKE FJELLBYGDER

Bakgrunn

Hallingdal er ein av dei største hytteregionane i landet, med ca. 15.000 hytter, som genererar ca. 2 mill. gjestedøgn pr. år. Dei siste åra har det i Noreg vorte bygd ca. 6000 nye hytter, og det føreligg planar for ti-tusenviis av nye hytter.

Dei tre største hyttefylka i landet er Oppland og Buskerud med ca. 40 000 fritidsbustadar kvar, og Hedmark med ca. 30 000 fritidsbustader. Det er ei betydeleg auke i hyttebygginga i alle desse områda.

Hallingdal er i denne samanheng ikkje unik, men kan vera ein viktig part med å utforme framtidens hytte og hyttekonsept.

Hytta som fritidsbustad er ein god norsk tradisjon som bør takast vare på og vidareutviklast. Tilrettelegging av hytteområde og hyttebygging har eit betydeleg omfang, der hytta også er blitt ein viktig del av samfunnsøkonomien og politikken, som m.a. utfordrar miljø, kultur og natur. Ut frå dei forhold som er nemnt er no tida moden for å utfordre ekspertisen på framtidens hytter og hytteplanlegging i norske fjellbygder.

Eg ser for meg ei ny arkitektkonkurranse med noko av utgangspunktet som Ål kommune hadde for vel 40 år sidan.

I 1966 lyste Ål kommune ut ei arkitektkonkurranse for å få hytter tilpassa dei norske fjellområda. Ål kommune ynskte å kåre det beste fritidshuset med omsyn til m.a. arkitektur, fleksibilitet og enkle utvidingsmogelegheiter.

Over 160 deltakarar sendte inn sine forslag, og publisiteten rundt konkurransen var svært stor. På den tida var det ikkje so vanleg med arkitektkonkurransar om fritidshus.

Fyrstepremien gikk til arkitekt Turid Haaland med hytta "Bete Beitski". Andrepremien gikk til arkitektkontoret Lund og Slaatto med hytta "Stev om stav og stolpe". Ål kommune selde rettane til begge hyttene til Ål Hyttebygg.

Arkitekt Jon Haug hjå Lund og Slaatto vidareførte arbeidet med hytta Stev om Stav og Stolpe og teikna den om til det me i dag kjenner som Ålhytta.

Ålhytta er den ferdighytta som har fått mest anerkjenning gjennom tidene og er framleis eit konsept som lever i beste velgåande.

Men som sagt tida er moden for ei ny arkitektkonkurranse. I tillegg til dei arkitektoniske utfordringane og mogelegheitene vil miljø- og energiaspektet vera eit viktig moment.

Trendframskriving syner at el-forbruket i fritidsbustader i 2020 vil utgjera minst 10% av forbruket i hushaldningssektoren, dersom det ikkje blir gjort tiltak. Det er nyleg vedteke forskriftsendringar som inneberer at det blir innført krav til isolasjon og maksimalt energiforbruk for større hytter. Dette vil gi utfordringar for utforming av hytter – ei utfordring som kanskje kan nyttast til å få fram nye uttrykksformer.

Ideane bør og samsvare godt med St.meld. nr. 26 (2006–2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand". Under punktet:

"En nasjonal hyttepolitikk som sikrer miljø og omgivelser" står det:

Regjeringen vil:

- *Innskjerpe kravet om bedre og mer miljøbasert planlegging og utbygging av fritidsbebyggelse overfor kommuner og regioner.*
- *Forbedre kompetansen i kommuner og planleggingsmiljøer om god og miljøriktig fritidsbebyggelse.*
- *Redusere økningen av energiforbruk i fritidsboliger gjennom innføring av energikrav til hytter og nye hjemler for energistyring i kommunale arealplaner.*

Forslag

- Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til ei ny arkitektkonkurranse om framtidens hytter i norske fjellbygder, vel 40 år etter Ål kommune si vellykka konkurranse i 1966. I tillegg til dei arkitektoniske utfordringane og mogelegheitene vil miljø- og energiaspektet vera viktige moment.
- Regionrådet for Hallingdal utfordrar Norske arkitekters landsforbund, Enova og event. andre til å vera med å utforme konkurransevilkåra og som deltakarar i prosjektet.
- Regionrådet for Hallingdal utfordrar Miljøverndepartementet/ Kommunal- og regionaldepartementet til å vera med som aktiv bidragsytar i prosjektet.
- I tillegg til sjølve arkitektkonkurransen har prosjektet som mål å skapa merksemd og debatt.
- Dagleg leiar skal til neste møte i Regionrådet leggja fram endeleg forslag til arkitektkonkurranse.

Ål 12.6.2007

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar
Regionrådet for Hallingdal